



**Jobbnorge-ID:** 274503  
**Søknadsfrist:** 23.02.2025  
**Nettside:**  
**Omfang:** Heiltid  
**Varighet:** Vikariat/mellombels

Trivst du like godt på ein knaus som på eit kontor?

## Overingeniør/teknisk utgreiar

### Om stillinga

Dersom ditt faglege engasjement spenner over både landmåling og jordskiftefag, kan stilling som overingeniør/teknisk utgreiar i jordskifteretten vera interessant for deg. Me har ledig eit vikariat i 100 % stilling. Vikariatet strekk seg frå tilsetjing til 31. desember 2027. Det kan vera aktuelt å utvida vikariatet i ytterlegare eitt år. Om stillinga blir gjort om til fast, vil vi kunnjøre den på eit seinare tidspunkt. Me vil særskilt oppmoda nyutdanna om å søka.

Sogn og Fjordane jordskifterett har tre rettsstadar; Sogndal, Førde og Nordfjordeid. I domstolen arbeider totalt fem saksbehandlarar, sju ingeniørar, ein dommarfullmektig og sju dommarar, inkludert domstolsleiar. Dei ulike stillingsgruppene arbeidar tett saman i ulike team for kvar sak. Me samarbeider mykje og godt mellom rettsstadane, og du vil få høve til å arbeida tett med alle kollegaene.

Den som vert tilsett vil arbeida med saker i heile Sogn og Fjordane rettskrins, med fast kontorplass i Sogndal.

### Arbeidsoppgåver

Hovudoppgåvene i stillingane er teknisk saksførebuing og tekniske gjennomføring av saker domstolen har til handsaming. Oppgåvene omfattar mellom anna:

- Saksførebuing, planlegging og utgreiing av sakene i samarbeid med dommar
- Innmåling, utsetjing, merking av grenser og utarbeiding av grenseskildring
- GIS-arbeid og utarbeiding av digitale kart
- Deltaking på rettsmøter, saman med dommar
- Leia og gjennomføra synfaring og teknisk arbeid i felt
- Verdsetja og bonitera areal
- Droneopptak

Arbeidsoppgåvene kan tilpassast noko etter kvalifikasjonane til den/dei som vert tilsette. Ved særskilt kompetanse kan det også vera aktuelt å gjennomføra rettsmekling.

Stillinga medfører reiseaktivitet og du må rekna med å delta i både digitalt og fysisk saksarbeid ved alle rettsstadane i domstolen. Noko tilpassing er likevel mogeleg, til dømes ut frå livssituasjon.

Domstolen har eigne tenestebilar som du disponerer ved feltarbeid. Det er difor eit krav at du har førarkort for bil. Køyre- og kostgodtgjersle blir gitt etter staten sine reiseregulativ.

### Kven er du?

Me ønskjer i utgangspunktet at du har 3-årig høgskuleutdanning innan landmåling og eigedomsdesign, men me er også interessert i å høyra frå deg som har masterutdanning i eigedom frå NMBU. Anna relevant utdanning kan også vera aktuell, særleg utdanning innan fagfelte geomatikk, GIS, landmåling, kartfag, eigedomsfag, tingsrett eller skogfag.

Det vert lagt vekt på god forståing i landmåling, GIS, tingsrett og eigedomsfag. I tillegg vert det lagt vekt på evne og interesse for generell konfliktløysing og rettsmekling. Det er vidare ein fordel med kunnskap innan jordskifte og rettsprosess. Det er også ein fordel med erfaring i bruk av GNSS-utstyr til RTK-måling og GIS-verktøy (ArcGis) som vert nytta av jordskifterettane.

Du må ha gode samarbeidsevner og bidra til eit godt arbeidsmiljø. Det vert lagt vekt på at du kan arbeida sjølvstendig, er allsidig og lærevillig. Du må yta service og opptre på ein objektiv og kontakt- og tillitsskapande måte ovanfor partane i jordskiftesakene. Me føreset at du kan kommunisera godt munnleg og skriftleg på norsk, og at du kan delta i dialog med partar, private og offentlege instansar på ein god og forståeleg måte. Menneskekunnskap og ein god dose nysgjerrigheit blir viktige

ingrediensar i arbeidskvardagen din. Mange av partane i sakene våre har ikkje advokat og representerer seg sjølve, noko som krev at vi gjev ekstra rettleiing og har eit folkeleg språk.

Ferdigheitar i bruk av digitale verktøy blir vektlagt. Me ynskjer heile tida å betra domstolen sine digitale løysingar og rutinar. Du vil få høve til å vera bidragsytar i dette arbeidet. Stillinga inneber feltarbeid, som også betyr at det kan bli nokre lange dagar til dels i krevjande terreng. Dette føreset at du har normalt god fysisk helse.

## Kva tilbyr me?

I tillegg til samfunnsoppdraget vil du få ein jobb som er variert nok til at du kan bruka innesko, støvlar, ein nystråken bluse/skjorte og allværsjakka på ein og same dag.

Stillinga innebærer:

- utfordrande arbeidsoppgåver
- godt arbeidsmiljø med hyggelege og kompetente kollegaer
- du vil læra mykje nytt! Me er opptatt av å utvikla din kompetanse
- nasjonale og regionale fagsamlingar og godt nettverk
- bruk av nytt teknisk utstyr
- fleksible ordningar for fri, avspasering og mogelegheit for trening i arbeidstida
- tittel overingeniør og lønn etter Hovudtariffavtalane i staten med konkurransedyktige vilkår og ein av marknadens beste pensjonsordningar i Statens pensjonskasse
- trygg arbeidsplass innanfor statens rammer og avtaleverk

Deler av arbeidet foregår på kontoret og andre deler i storslåtte naturomgjevnadar.

## Om oss

Domstolane er den tredje statsmakt. Norge har 49 domstolar med om lag 2000 medarbeidarar. Landet er delt inn i 19 jordskifterettar med ca. 230 tilsette. Du kan lesa meir om jordskifterettane på [www.domstol.no/jordskifterettene](http://www.domstol.no/jordskifterettene).

Jordskifteretten er ein særdomstol som i hovudsak arbeidar med omforming av eigedommar, organiserer felles bruk av eigedommar, klarlegg rettstilhøve og grenser til fast eigedom, og ei rekke skjønner.

Domstolane sitt arbeid er avgjerande for at me har eit trygt og godt samfunn basert på tillit. Tillit mellom menneske og myndigheiter, men også mellom deg og meg. Alle skal ha tillit til og respektera våre avgjerder, uavhengig av utfall. Hjå oss kan kvar og ein få avgjort si sak, satt strek og koma seg vidare.

Med vår rolle følger eit stort ansvar. Våre avgjerder er uavhengige og upåvirka av myndigheiter eller press frå andre miljø. Med komplekse juridiske problemstillingar brukar me tid på å djupdukka ned i jussen. Arbeidskvardagen er dessutan prega av variasjon. Ein dag er me ute på synfaring eller fastset grense, ein annan dag leiar me retten eller er på kontoret og skriv dom, eller utformar kart. Med andre ord trivst me i både støvlar og sko.

## Generelle føresegner

Me oppmodar kvalifiserte kandidatar med relevant utdanning, bakgrunn, arbeids- og livserfaring til å søka jobb hjå oss, og til å kryssa av i søknadsportalen dersom du har funksjonsnedsetting, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn. Les meir om moglegheita for positiv særbehandling på [www.dfo.no](http://www.dfo.no)

Me gjer merksam på at søknaden berre blir vurdert ut frå informasjonen vi har fått innan søknadsfristen.

Domstolen legg vekt på breidde og mangfald i arbeidsmiljøet. Sørg for at søknaden din tydeleg syner korleis ferdigheitene og erfaringane dine oppfyller kriteria som er skildra i annonsa.

Personopplysningar i søknad og CV til stillinga blir handtert i samsvar med lov om behandling av personopplysningar. Du kan lesa meir om personvern på [www.domstol.no](http://www.domstol.no). Her finn du også generell informasjon.

Me utarbeider offentleg søkarliste og viser til offentlighetslova § 25, andre ledd, for høve til å bli unntatt fra denne.

## Tilleggsinformasjon

### Kontaktpersonar:

- Terje Hanekam, Overingeniør  
Telefon: +4757723265 | E-post: [Terje.Hanekam@domstol.no](mailto:Terje.Hanekam@domstol.no)
- Sæmund Stokstad, Jordskiftedommer  
Telefon: +4757022885 | E-post: [Saemund.Stokstad@domstol.no](mailto:Saemund.Stokstad@domstol.no)

### Arbeidsstad:

- Hovevegen 4 6856 Sogndal (Sogndal Kommune)
- Hafstadvegen 46 6800 Førde (Sunnfjord Kommune)
- Postvegen 3 6770 Nordfjordeid (Stad Kommune)